

Fra: Kathrine Brandsar[kathrine_brandsar@hotmail.com]

Sendt: 21.08.2024 11:02:08

Til: Post Innlandetfylke[post@innlandetfylke.no]

Tittel: Katastrofale følger

Denne eposten er sendt fra en person utenfor organisasjonen. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg før du er sikker på hvem avsender er og at innholdet er trygt.

Mi meining i høve ny framtidig skule- og tilbodsstruktur og alternative opplæringsmodeller i Innlandet:

Må si eg er djupt bekymra for framtida til bygdaNorge! Korleis skal det utvikle seg når skuler langt frå meir sentrale strøk er føreslege nedlagt? Tenkjer her særleg på skulestad Lom (Nord-Gudbrandsdal vgs).

Denne sentraliseringa vil føre til mindre hender og arbeidskraft i grisgrendte strøk. Mange ungdommar vil truleg ikkje fullføre skule pga lang reiseavstand og økonomiske kostnader ifb med hybler m.m. Kva vil skje med folketallet? Kven ynskjer å flytte attende til ei bygd, der du veit at bornet ditt kan bli tvunge til å flytte frå heimen i ein alder av 15-16år? Mange er ikkje klar for dette. Eg sjølv valde skulestad Lom, for å sleppe å flytte eller pendle i neste 4t/pr.dag når eg var 16 år. Veldig glad for at eg fekk denne moglegheita. Trygt og godt på ein liten skule, der alle tok vare på kvarandre. Dette gjorde i alle fall at ei skulelei jente som meg sjølv greidde å fullføre vgs, i tillegg få motivasjon til å ta ei høgskuleutdanning.

Det vil bli store utgifter ifb med skuleskyss. Mange elever treng drosje grunna ulike somatiske eller psykiske lidingar. Tenker særleg på dei som har ei utviklingshemming, som må reise lange avstander for å koma seg til skule. Desse treng i tillegg personale som følgjer dei i drosja t/r skule. Er dette til bornets beste? Skal desse borna tvingast til å bu på hybel saman med helsepersonell? Eller blir foreldra tvunge til å flytte frå bygda si for å bu saman med bornet sitt på hybel i annan kommune, slik at bornet deira får utdanninga det har rett på? Tenk på dei samfunnsøkonomiske kostnadene!

Er fylkeskommunen klar for å ta vare på alle ungdommar som må flytte på hybel? Fylkeskommunen skal hjelpe eleven med å finne ein stad å bu, og om dette ikkje let seg gjere skal fylkeskommunen syrgje for at det blir bygd ein elevheim. Dvs enda større utgifter for fylket. Syner til opplæringslova §9-3.

Ber dykk om å tenkje dykk grundig om. Det er ingen skam å snu ♦♦Tenk førebygging og kvalitet, framfor her og no.

Norge treng både bygd og by. Vær så snill å sjå på oss som menneskar og ikkje berre ein materialistisk ting som tappar fylket for pengar. Eg er heilt sikker på at planen dykk ynskjer å gjennomføre vil koste samfunnet MYKJE MYKJE meir!

Mvh

Kathrine Brandsar, Skjåk

-mor til to, som eg håpar kan få ha same moglegheit som meg sjølv til å velje studiestad utan å måtte pendle i minimum 16 mil kvar dag, eller måtte "tvangsflyttas" på hybel i ung alder.

Sendt fra [Outlook for Android](#)